

**En gammel dame fra
Valdres på 90 år fikk ein
profeti (eit syn) frå Gud i
1968.**

Emanuel Minos heldt møter der ho budde. Han fekk treffe henne, og ho fortalde det ho hadde opplevd. Han skreiv det ned, men han syntest det høyrdest så uforståande ut at han la det i ei skuff. Men no, nesten 30 år etter, såg han på det og då forstod han at han måtte dele det med andre. Dette er skrive av frå ein kassett som vart teken opp på eit møte på Sunnmøre i 1995. Valdresdama var ein vaken og sannferdig kristen som hadde eit godt skussmål av alle som kjende henne.

1. Eg fekk sjå verden som ein slags globus. Eg såg Europa - land etter land. Eg såg Skandinavia. Eg såg Norge. Eg såg visse scenar som ville finne stad like før Jesus kjem att - like før den siste ulukke bryt laus over menneskeslekta, ei ulukke som vi aldri før har opplevd maken til. Ho nemnde 4 bolkar. Like før Jesus kjem, og alvoret bryt laus, vert det ei avspenning som vi aldri før har hatt. Det vert fred, og freden kjem til å vare ei tid. I denne fredsperioden vert det avrustning i mange land, også Norge, og vi er ikkje fførebudde denne gongen heller når det kjem. Den tredje verdenskrigen kjem til å starte på ein måte som ingen hadde venta, - og ifrå uventa hald.

2. Det kjem til å oppstå ei lunken haldning utan sidestykke blant kristenfolket. Eit fråfall frå sann og levande kristendom blant dei kristne. Kristne kjem ikkje til å vera

åpne for ransakande forkynning like før Jesus kjem att. Dei vil ikkje som før i tida høyre om synd og nåde, lov og evangelium, bot og betring. I staden kjem eit surrogat: **Lukkekristendom.** Det gjeld å bli vellukka. Det gjeld å nå fram. Det gjeld materielle goder, ting som

laus over oss, og folk kjem til å sove i si ånd.

3. Det blir ei moraloppløysing som gamle Noreg aldri har opplevd maken til. Folk vil leve som gifte utan å vere gift, (dette var i 1968, og eg trur ikkje at begrepet samboer fanst på den tid E.M.). Ureinskap før ekteskapet og

utrygt å gå i gatene våre. Folk kjem til å ta etter. Det blir ikkje eitt tilbod på TV, det vert fullt av tilbod, (ho såg dette med fleire kanalar allerede i 1968 E.M.). Det kjem til å bli akkurat som vi har det på radioen der vi kan ta inn den eine stasjonen etter den andre, og det kjem til å fyllast med



Gud aldri har lovt oss på denne måten. Kyrkjer, bedehus og frikyrkjelokale vert meir og meir tomme. Istaden for forkynning vi har vore vant til gjennom generasjonar - som å ta sitt kors opp og fylgje Jesus - vert det underhaldning, kunst og kultur som overtek kyrkjer, bedehus og lokale der det skulle vere vekkelse, nød og botsmøte. Dette kjem til å skje i sterk grad like før Jesus kjem att, - og ulukker bryt

utraskap i ekteskapet kjem til å bli det naturlege, og ein kjem til å unnskylde det på alle hold. Det kjem til og med å snike seg inn i kristne krinsar, og vi duller for det - også synder mot naturen. Like før Jesus kjem att, kjem det til å bli TV-saker som vi aldri tidlegere har opplevd. TV kjem til å bli full av vold, ein vold så grusom at det kjem til å lære folk å myrde og øydelegge kvarandre, og det blir

vold. Folk kjem til å ha det som underhaldning - dei verste scener av mord og øydeleggingar av kvarandre -, og det kjem til å spreie seg i samfunnet. På TV kjem det også til å bli vist samlivsscener. Dei mest intime ting som foregår i eit ekteskap kjem til å bli vist på skjermen. (Dette var i 1968, og eg protesterte med at vi har paragrafar som forbyr den slags. E.M.). Då sa den gamle dama: - Det kjem til å

skje og du får sjå det. Alle ting vi har hatt før, kjem til å brytast ned, og det blir vist det mest usømelege for augo våre.

4. Folk frå fattige land kjem til å strøyme til Europa. (I 1968 hadde vi ikkje innvandring. E.M.). Dei kjem også til Skandinavia og Norge. Det vert såpass mange av dei at folk tek til å mislike dei og vert harde mot dei. Dei blir handsama slik som jødane før krigen. Då er målet for våre synder nådd. (Eg protesterte på det med innvandring. Eg forstod det ikkje då. E.M.). Då strøymde tårene ned på den gamle dama. Eg får ikkje sjå det, men du får sjå det. Då plutsleg kjem Jesus att, og den 3.verdenskrig bryt laus. Det vert ein kort krig (ho fekk sjå den). Alt av krig eg har opplevd før, er berre leik i forhold til denne, og den kjem til å avslutte med atombombe. Lufta kjem til å bli forureinsa slik at ein ikkje kan puste i den. Det kjem over fleire kontinent: Amerika, Japan, Australia, - dei rike landa. Vatnet kjem til å bli øydelagt. Vi kan ikkje dyrke meir på jorda. Resultatet vert at berre ein levning vert att. Og levningen i dei rike landa vil forsøke å rømme til dei fattige land, men dei vert like harde mot oss som vi var mot dei når tida er inne. Eg er så glad for at eg ikkje får sjå det, men når tida nærmar seg, må du ta mot til deg og sei dette. Eg har fått det ifrå Gud. Ingenting av dette strir imot det Bibelen fortel. Sjå. Ap.6. og utover. Men den som har fått si synd tilgjeven og har Jesus til Frelsar og Herre, er trygg.